



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1905 - 17/20369

Saksbehandlar:
Tord Moltumyr
tord.moltumyr@meland.kommune.no

16.10.2017

Vedr. spørsmål om opplysningar

Viser til skriv fra Fylkesmannen datert 03.08.17 med ønske om informasjon om organisering av daglegevakt og samhandling mellom Meland kommune (MK) og Nordhordland legevakt (NLV). Det går ikkje konkret fram av skrivet om ein ønskjer informasjon om samhandling på system- eller individnivå. Vi svarer derfor meir generelt.

Utgangspunktet er at MK er nøgd med legevaktsamarbeidet som er etablert i Nordhordland og Gulen. Avstandane i vaktområdet er store, og det er naudsynt med to legar på vakt for å ha ein reell beredskap for heile legevaktområdet. Det er derfor etablert ei samdrift med dei kommunale akuttsengane. I det daglege er det god samhandling mellom NLV og dei lokale legekontora. Kommuneoverlegen har ikkje på fleire år motteke publikumsklage på MK si vaktordning / beredskap. Lindås kommune har som vertskommune det fulle ansvar for drift og styring av Nordhordland legevakt.

MK tek del i interkommunalt legevaktarbeid med legeberedskap kvar dagar kl 1530-0800, og på døgnbasis på helge- / og høgtidsdagar. På kvar dagar i tidsrommet 0800-1530 har NLV framleis ansvar for handsaming av nasjonalt legevaktnummer og einskilde koordineringsoppgåver, medan MK organiserer sjølve legeberedskapen i eigen kommune.

MK og kommunen sine legar har ein etablert praksis der ein lege i Meland alltid er i beredskap i arbeidstida. Denne legen har lyttevakt på nødnettet og kan rykke ut på hendingar. Utrykning kan skje med eigen bil, eller at legen vert henta av ambulanse på veg ut til pasient. Praksisen er innarbeidd gjennom fleire ti-år, frå den tida da dei formelle krav til legevakt var mindre («heimevakt med mobiltelefon og eigen legekoffert»). Praksisen inneber også at ein av legane /

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

legekontora alltid har ansvar for å handtere pasientar som kjem til kontoret med akutt skade / sjukdom, og som ikkje har fastlege i kommunen, eller der fastlege ikkje er tilgjengeleg («kollegial fråversdekning»). Utkalling på oppdrag kan skje over nødnettet, frå NLV eller frå AMK. Utrykning eller tilsyn av akutt pasient kan og skje på bakgrunn av direkte henvending frå publikum eller andre kommunale etatar, t.d. heimesjukepleien. MK har to fastlegekontor; Helsenaustet legepraksis og Frekhaug legesenter. Begge kontor har eit akuttnummer for publikum, som er annonsert, og som går forbi vanleg telefonkø. Desse telefonane vert besvart kvardagar kl 0800-1530. Pasientar med fastlege i kommunen, eller som bur i kommunen vil ofte kjenne til desse numra. Personar som ringjer nasjonalt legevaktnummer vert ruta til NLV i Knarvik som vurderer saka. I nokre høve, der pasienten har fastlege i Meland, ringer NLV vidare til fastlege i MK for vurdering / akuttime hjå fastlege.

Vaktansvaret på dagtid går på rundgang mellom legane, etter ei fordeling ein har vorte samde om. Lege ved Helsenaustet legepraksis har vakt alle torsdagar og kvar 3. måndag. Lege ved Frekhaug legesenter har vaktansvar øvrige kvardagar. I tillegg har Frekhaug legesenter ei intern kontorvaktordning, der ein lege alltid er tilgjengeleg for spørsmål frå helsesekretær og som skal handtere det som dukkar opp av spørsmål / akutthjelp, og som har ansvar for at ein pasient vert forsvarleg handtert eller tilvist til rett stad. Kven som har vaktansvar er alltid ført i dei elektroniske timebøkene i Infodoc, slik at informasjonen er lett tilgjengeleg for alle tilsette i legetenesta, både fram og tilbake i tid. Denne ordninga / fordelinga er internt organisert, og ikkje kunngjort utad. Folk som ringer legekontora sine telefonnumre, enten akuttnummer, eller det vanlege nummeret for bestilling av akuttimar, vert vurdert og prioritert etter faglege retningslinjer. Helsesekretær som er i tvil om prioritet kan nytte «Telefonråd» som ligg lett tilgjengeleg på alle PC'ar, eventuelt konsultere fastlege / vaktlege.

Vi har i fleire rundar utarbeidd tradisjonelle skriftlege prosedyrar knytt til daglegevakta. Vi har gjort oss den erfaringa at skriftlege prosedyrar etter kort tid er utdatert, og lett kan medføre utilsikta avgrensingar av ansvar. Praksis vert no derfor i hovudsak justert gjennom løpande dialog og faste legemøtar.

Det er fleire grunnar til at ein har vald å halde på denne lokale ordninga på dagtid. Meland-legane er fysisk nærare befolkninga i Meland, og i akutte tilfelle er vi ofte på plass før ambulanse. Legane er betre kjent, både geografisk og med pasientane og deira pårørande. Dei fleste av innbyggjarane har fastlege i kommunen, og legane har lett journaltilgang til sentrale opplysningar. Det er og lett for lokal vaktlege å rådføre seg med fastlegen, som gjerne arbeider ved same kontor. Begge legekontora har akuttutstyr og hjertestartar som kan takast med på utrykning, og ved større hendingar / ulukker kan vi rykke ut med fleire legar. Denne ordninga med «lege på vakt» er ikkje omtalt tydeleg i sentralt lovverk, men vurderast å vere ei ordning som er betre for innbyggjarane enn ein reindyrka legevaktmodell.

Det kan nokre gonger oppstå problem med at innbyggjarar i Meland treng ei halvakt time hjå lege, i saker vi vurderer som ei klar fastlegeoppgåve. I situasjonar der pasienten har fastlege i annan nærliggjande kommune, t.d. Lindås, vert pasienten vist til kontakt med sin fastlege (eller den kollegiale fraversordninga som er organsiert i den aktuelle kommunen). Dersom fastlege ikkje har kapasitet til å vurdere pasienten, har MK meint at det er fastlegen sin avtalekommune som skal organisere ei forsvarleg ordning. Det har i nokre få tilfelle gått nokre telefonar att og fram før saka er løyst. I dei sakene det har oppstått problem, har kommuneoverlegen hatt kontakt med legevaktssjef i etterkant, for ansvarsavklaring.

Det kan nemnast at kommuneoverlegen har fått fleire meldingar frå publikum som har ringt 116117 frå sørsida av Holsnøy, og vorte ruta til legevaktssentralen i Askøy. Dette har nokre gongar ført til forviklingar og at pasientar har trudd dei har gjort avtale med Nordhordland legevakt. Desse problema ligg utanfor kommunen sin kontroll. Kommuneoverlegen har meldt frå om desse problema til *Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF*.

Det er i nokon grad samøvingar og felles kurs med NLV, i hovudsak for vaktlegane (dei fleste fastlegane deltek og i interkommunal legevakt). For øvrig personell er det liten grad av felles øving og trening. Legekontora har ein del interne øvinger, m.a. intern øving i basal hjerte- /lungeredning 2-3 gonger i året for alle tilsette ved legekontora. Det er elles liten grad av samtrening med legevakt og ambulanse. I det gamle helseradionettet hadde vi ukentleg «prøvealarm» der AMK utalarmerte for å teste og trene på radiosamhandlinga mellom legevakt, legekontor og AMK. I det nye nødnettet har det dessverre ikkje latt seg gjere å etablere tilsvarende rutine.

Kommuneoverlegane i dei 9 samarbeidskommunane har vore bekymra for at auke i kostnadar knytt til legevakt og kommunale akuttseingar kan gå på bekostning av andre kommunale helsetenester. Fagrådet for kommuneoverlegar ga i mai 2017 følgjande omforeinte uttale til Lindås kommune:

Fagrådet for kommuneoverlegene i Nordhordland og Gulen har i møte 28.04.17 drøftet hvordan kommunene best kan utvikle tjenestene knyttet til legevakt og kommunale øyeblikkelig-hjelp døgnplasser (ØHD). Fagrådet merker seg at belegget på ØHD er lavere enn dimensjonert. Lovkrav fra 01.01.17 om døgntilbud for pasienter med psykiske lidelser krever en ytterligere dreining av tilbudet. Regionen har behov for å opprettholde kapasitet innen helseberedskap og legevakt. Befolkningen har også andre framtidige behov innen bl.a. palliasjon, forsterket omsorg og oppfølging av pasienter med psykiske helseproblemer og/eller ruslidelser. Det er en utfordring å få behov og ressurstilgang til å møtes, og å kunne se hele tjenestetilbudet i sammenheng. Det er pr i dag ikke utarbeidet kriterier eller verktøy for prioritering mellom ulike områder.

Fagrådet ber Lindås kommune / administrativ nemnd om å igangsette en utredning om framtidig behov for døgnbaserte tjenester, kompetansebehov og mannskapsbehov, under kravet til kostnadseffektive tjenester basert på helsefaglige prioriteringer. I utredningsarbeidet må alle deltakerkommunene være representert. Kontaktperson for denne saken: kommuneoverlege Tord Moltumyr

Underteikna står til disposisjon ved eventuelle spørsmål.

Med helsing

Tord Moltumyr
helsesjef/ kommuneoverlege

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN